



Visitasmelding for Meland kyrkjelyd

NÆR GUD - NÆR MENNESKE

Innholdsfortegnelse

Skriv inn kapittelittel (nivå 1)1

Skriv inn kapittelittel (nivå 2)2

Skriv inn kapittelittel (nivå 3)3

Skriv inn kapittelittel (nivå 1)4

Skriv inn kapittelittel (nivå 2)5

Skriv inn kapittelittel (nivå 3)6

Bispevisitas i Meland sokn

Nordhordland prosti, Bjørgvin Bispedøme. 23-25. og 28. april 2013

Innhald:	Side:
0. Innhald og avgrensing.....	2
1. Program for visitasen	3
2. Kort historisk riss: Meland sokn i nyare tid.	4
2.1. Førre visitas	
2.2. Tida sidan førre visitas	
3. Tilhøva i Meland sokn - Kyrkjelyd i ein vekstkommune	5
4. Meland kyrkjelyd i 2013.	8
4.1. Korleis er Meland kyrkjelyd? Kor sunn er kyrkjelyden vår?	
4.2. Strategiar og mål. Kven er vi og kva vil vi?	
5.. Råd og tilsette	11
4.1. Sokneråd	
4.2. Tilsette	
6. Kyrkjeleg arbeid	12
6.1. Gudstenester	
6.2. Kyrkjelege handlingar	
6.3. Trusopplæring.	
6.4. Anna kyrkjeleg undervisning	
6.5. Diakoni	
6.5. Misjon og evangelisering	
6.6. Musikk og kultur i kyrkja	
6.7. Gjevarteneste	
7. Kommunekyrkja – tilhøvet til kommunen. Kontorfelleskap i Rådhuset.....	19
8. Kyrkjebygg og gravplass	
8.1. Melandkyrkja	
8.2. Ny kyrkje på Frekhaug	
8.3. Gravplassen.	
9. Sluttord	20
10. Sluttnoter	21

0. Avgrensing

Det er ikkje mogeleg å teikne eit nøyaktig bilete av alt som skjer i Meland kyrkjelyd, for der skjer det mykje! Noko kjenner vi knapt til, noko blir nemnt særst kort eller utelate. I denne samanhengen må vi leggje mest vekt på aktivitetar der sokneråd og tilsette har direkte ansvar, og det som har størst relevans for det daglege arbeidet. Vi håper det kan gje grunnlag for å vurdere om vi er på rett veg og gjer rette prioriteringar. For eit meir utfyllande bilete av kyrkjelyden, syner vi og til heimesida vår: www.melandkyrkja.no

1. Program for visitasen

Program for

VISITAS I MELAND KYRKJELYD 2013

Tysdag 23. april

08:30- Samling med prestane i prostiet, Møteplassen Frekhaug
10:45 Samtale med staben i Frekhaug, Møteplassen Frekhaug
11.15 Lunsj
12:00 Møte med kyrkjevevjen
Ca 13.00 Spørjetime 9.- 10. klassingane ved Rossland ungdomsskule
Ca 14.45 Møte med lærarar. Vestbygd skule.
16.00 Middag. (Hos Frank og Berit Nøst Dale)
17.00-18.30 Kaffe. Møte med leiarar frå Norkirken og FIM. (Hos Frank og Berit Nøst Dale)
19.00-21.00 Medarbeidarsamling

Onsdag 24. april

09.00 Samtale med fokus på trusopplæring/ born/ unge. (Barnearbeidar, ungdomsarbeidar, undervisningsprest, evt. representant for barne- og ungdomsutvalet)
10.00 (ca.) Samtale med undervisningsprest
10.50 Andakt på dagsenteret for eldre
11.45 Lunsj med kommunen
12.30 Samtale med kommuneleiinga
14.00 Ekskursjon til kyrkjetomta
14.30 Møte med kyrkjekommiteen.
17.00 Middag, og samtale med ungdomsleiarar på møteplassen
19.00-20.30 Ungdomsgudsteneste e.l. Invitere unge frå heile Meland? Frå prostiet?

Torsdag 25. april

09.00 Samtale med soknepresten
10.00-10.45 Fokus på diakoni: Seniorarbeidet og besøkstenesta.
11.00 Møte med "Open møteplass", og orientering om "Møteplassen ungdom".
11.45 Lunsj på Meland Arbeidssenter m/Omvisning på arbeidssenteret
14.00 Samtale med soknerådsleiar
15.30 Middag med stab og sokneråd
16.00 Samtale med stab og sokneråd
19.00 "Frå salmar til jazz" – kulturkveld/konsert i Meland kyrkje med stor bredde.

Sundag 28. april

11.00 Visitasgudsteneste m/visitasforedrag

Kyrkjekaffi med noko mettande (t.d. påsmurt) i kyrkja

2. Kort historisk riss: Meland sokn i nyare tid.

2.1. Førre visitas

Eit blomstrande liv

Biskop Ole Danbolt Hagesæther var på visitas i Meland 19.-23. januar i 2000. I visitasmelding og visitasforedrag ser vi korleis kyrkjelyden hadde opplevd sterk vekst i gudstenesteoppmøte, og at barne- og ungdomsarbeidet var blomstrande.

Nokre stikkord frå visitasforedraget i år 2000:

- Tanken om ungdomsdiakon kom fram. «Neste år bør det vere ein realitet», seier Hagesæther i 2000.
- Samlingar for utviklingshemma, t.d. «bli kjent-samlingar» ein ide for Meland og?
- «Ved neste visitas vil eg tru at de er langt komne med ei kyrkje nummer 2.»
- Elles var spenningane i kyrkjelyden framme. Meir om dette under 2.2.

2.2. Utvikling i Meland kyrkjelyd sidan 2000.

Oppsplitting –

På dette tidspunktet var det begynt å bli spenningar, kall det gjerne «vekstsmerter», for det var eit yrande liv med mange deltakarar i eit sokn med stor folketalsauke og mange kyrkjeaktive. Ei husgruppe med impulsar m.a. frå Oase vaks, delte seg og blei til fleire husgrupper, og kalla seg «Lovsangsgruppa». Dei hadde ein eigen leiar som koordinerte gruppene. Mange ivra for større fridom i gudstenestene, slik mange hadde høyrte om og vore med på i Storsalen eller andre stader. I visitasforedraget åtvare biskopen mot å splitte kyrkjelyden, men gjerne halde nokre litt annleis gudstenester på Frekhaug. Det var samtalar med Lovsangsfellesskapet, Frekhaug Indremisjon og Meland sokneråd med tanke på felles gudstenester på Frekhaug. Dei toneangjevande i Lovsangsgruppa var ikkje nøgde med styringsform og fridom, og ivra ei stund for å lage ei lokal frikyrkje knytta til Kristkirken i Bergen (Doulosnettverket). Andre i Lovsangsfellesskapet var imot dette. Resultatet blei at ei lita gruppe danna ei «huskyrkje» (først i juni 2010 formelt skipa som kyrkjelyd, som ein del av Doulosnettverket). Dei har i dag om lag 40 medlemmer og kallar seg i dag Huskirken Nordhordland..

Gjennom samtalar med prost, biskop, sokneråd - samt Oase og Normisjon gjekk fleirtalet av medlemene i Lovsangsfellesskapet saman om å skipe til ei sjølvstendig forsamling innafor Den norske kyrkja, knytta til Normisjon. Dei fekk samtykke til å kalle seg «Oasefellesskapet», og forsamlinga blei formelt skipa i januar 2004. Dei skifta snart namn til Norkirken i Nordhordland, og er ei livskraftig forsamling som no samlar omkring 120 på ei søndagssamling kl. 11 annakvar søndag. Om lag halvparten kjem frå Meland. Resten av medlemene i Lovsangsfellesskapet blei verande som aktive i Meland kyrkjelyd. Nokre var og med i Frekhaug Indremisjon.

Frå kriseoppleving til ny vekst

Oppsplittinga kjendes vond, både for ungdomar og eldre. Familiar og vener som før hadde gått på same plassen, gjekk no kvar for seg. Men oppsplittinga førde og til at ein gjorde nokre grep. Ein satsa på å danne nye husfellesskap, og ein hadde temagudstenester og undervisning om nådegåver. Etter få år var oppmøtet på gudstenestene på same nivå, og snart høgare – med ein topp rundt 2005. Sidan har oppmøtet gått noko ned, men stabilisert seg. Men ungdomsarbeidet i Meland kyrkjelyd har hatt ein tydeleg tilbakegang sidan då.

Frekhaug Indremisjon blir eigen forsamling

Oppslutninga om kveldsmøta i Frekhaug Indremisjon (FIM) gjekk ned. Dei fekk ikkje med dei unge familiane med tilknytning til Indremisjonen. For å unngå «ein sakte død», valde dei å bli eigen forsamling, med møte annakvar søndag frå 2009. Då kunne dei unge familiane få «alt på ein stad». Nokre av dei «godt vaksne» i forsamlinga har halde fram med å kome til gudstenester i Meland kyrkje, men det merkast på gudstenesteoppmøte og offerinntektene at ein del familiar no har vald FIM som sin forsamling. Her er det og søndagsskule kvar søndag formiddag.

Eller kyrkjelydsplanting?

På mange måtar blei oppsplittingane opplevd som eit tap, men dei har ført til at fleire går regelmessig på gudsteneste/møte, fleire er med i husgrupper og har ei teneste. Slik sett kan ein seie at det ikkje var det å dele opp kyrkjelyden som var det gale, men måten det skjedde på. No når såra er i ferd med å bli lekte, er ein alternativ innfallsvinkel å sjå på dette som kyrkjelydsplanting, som kan gjere at fleire menneske blir nådd. Med det høge talet på aktive kristne som bur i Meland, er det vel trong for fleire forsamlingar.

For å syne at vi høyrer saman, har planlegg vi for andre gong denne våren å ha ei felles gudsteneste i lag. Elles opplever vi at særleg dei «godt vaksne» frå dei andre forsamlingane kjem på nokre gudstenester når deira forsamling ikkje har møte.

Konkuranse eller samarbeid ?


Det er ein god tone mellom leiarane i Meland kyrkjelyd, Norkirken og FIM. Det er eit samarbeid om sjukeheimsandaktar (som og inkluderer pinsekyrkjelyden), om barnekoret «Levande Lys» og Yngres på Frekhaug bedehus. Det er og starta opp eit felles arbeid for pensjonistar, kalla «Seniors», med svært god oppslutnad. Koret Felix (unge vaksne) er eit samarbeid mellom Meland kyrkjelyd og Nordhordland Folkehøgskule, som og samlar medlemmer frå alle forsamlingane. Ungdomslaget «SKRUL» på bedehuset er no blitt eit samarbeidsprosjekt mellom FIM og Norkirken med omsyn til leiing og ansvar, men er open for alle ungdommar. Det kan likevel virke som det er litt skepsis til å samarbeide for nært Meland kyrkjelyd med omsyn til ungdomsarbeidet. Mange i Norkirken veljer å vere med på eit tverrkyrkjeleg konfirmasjonsopplegg, «Ten-tro», i staden for Meland kyrkjelyd sitt opplegg.

Ei utfordring framover er å finne gode løysingar for kva område det er naturleg og klokt og samarbeide, og kva for område det er best å arbeide på kvar for oss.

3. Tilhøva i Meland sokn - Kyrkjelyd i ein vekstkommune

Folketalet i Meland kommune er i ei rivande utvikling, noko vi kan sjå av tabellen nedanfor:

Årstal:	1973	1983	1990	2000	2013 1.april	2030 - prognose
Innbyggjartal:	2778	3917	Ca 4500	Ca 5400	Ca 7500	Ca 12000



Pr. i dag er talet på kyrkjemedlemer om lag 87% av folketalet.

Folketalet er framleis sterkt aukande. Siste året har auken vore på 4,4%, og Meland var kommunen i Hordaland med sterkast auke. (Nr. 4 i landet). I avisa BA 05.02.13 seier ordførar Aadland at han reknar med framleis stor folketalsauke. Fylkeskommunen reknar med ei gjennomsnittleg auke på 2,8% pr. år fram mot 2030, noko som vil seie at vi om 18 år er omkring 12.000 innbyggjarar. Om ikkje folketalsauken skal bli enno høgare, slik den har vore siste året, må politikarane bremse takta i utbygging av nye bustader.

Gjennomsnittsalderen er framleis låg, men «eldrebølga» vil og slå inn over Meland om nokre år. (Sjå den andre tabellen med den litt misvisande nemninga «Figur 11». Nærare forklaring av kjelda: Sjå under sluttnoter sist i dokumentet).

Bru til Bergen, storstilt utbygging av privatbustader og næringsområde gjer at vi no har blitt ein forstad til Bergen, på same måten som Sotra og Askøy.

Ein del av dei nye finn vegen til kyrkjer og bedehus, men vi har ikkje lukkast nok med å få kontakt med nye innflyttarar. Mangelen på kyrkje på Frekhaug gjer dette arbeidet vanskelegare. Nærleiken til byen gjer og at ungdommar har trong for trygge og gode tilbod. Ein ungdomsdiakon, og ei ny prestestilling er viktig å få på plass så snart som råd. Ein bør spørje i dag kor mange innbyggjarar vi skal få i Meland før bispedømet syter for ein ny prestestilling.

Nordhordland Folkehøgskule

Nordhordland Folkehøgskule, med tilknytning til DVI, har om lag 150 elevplassar. Elevane ser vi til vanleg lite til, med unntak for ei førjulsgudsteneste. Men skulen har i mange år tilsett gode lærarar, som ofte har engasjert seg i kyrkjelydar og forsamlingar, – og i Meland kyrkjelyd. Slik sett har skulen hatt gode ringverknader for kyrkjelydslivet i Meland.

Bedehusa og andre kyrkjelydar

Jamt over har det vore god kontakt mellom kyrkje og bedehus i Meland, jamvel om det har vore nokre konflikhtar opp gjennom historien. Vi har og eit godt tilhøve til til pinsekyrkjelyden. Vi har omkring 7 bedehus, men med unnatak for Frekhaug Bedehus er det mest godt vaksne og eldre menneske som møtast. Fleire av bedehusa blir berre nytta sporadisk.

Talet på søndagsskular og aktivitetar for born har gått ned. Rossland bedehus har «sundagsskule» på onsdagar. Pinsekyrkjelyden har forsamlingshus på Moldekleiv, ved Grasdal skule. Dei har undomssamlingar og søndagsskule som samlar born og unge og utanom eigne medlemmer.

Det finst og fleire kyrkjesamfunn som er representerte i Meland. Kristent Fellesskap har husgrupper i Meland, og storsamling i Knarvik. Det finst og eit par forsamlingar knytta til rusmiddelarbeid på Nappane og Landsvik. Huskirken i Nordhordland er og nemnt tidlegare.

Ein del leiarar i desse forsamlingane, inkludert soknepresten og nokre forsamlingar elles i Nordhordland, møtes 2-3 gonger i halvåret til bønefrokost, og arrangerer eit evangelisk felles møte, kalla «**Enhetsfest**» ein gong for året. Denne uformelt organiserte gruppa med leiarar kallar seg «**lederskapsforum**». Den hadde opphav i Meland, men har utvida perspektivet til Nordhordland. Hausten 2012 hadde vi og ei samling på eit konvent, leia av prost, for å informere om dette økumeniske tiltaket. Soknepresten opplever det godt å stå saman med andre kristne leiarar i bøn for Nordhordland.

4.Meland kyrkjelyd i 2013.

4.1. Korleis er Meland kyrkjelyd? Kor sunn er kyrkjelyden vår?

Naturlig menighetsutvikling

Meland kyrkjelyd har nytta reidskapane frå «Naturlig Menighetsutvikling» sidan 2000. Vi har no hatt 6 slike kartleggingar, og kartlegginga syner at vi – trass i nye kyrkjelydsfelleskap og skifte av prestar – har ein jevnt god kvalitet på mange område. Gjennomsnittet vårt for alle områda ligg på 50, gjennomsnittet av dei kyrkjelydane i Noreg som har teke ein slik test. Sjå <http://k-vekst.no> (Søk på Meland).

Våre sterkaste sider dei siste åra, har vore livsnære grupper. Funksjonelle strukturer og nådegavebasert teneste er og sterke sider. Området med størst framgang frå 2010, er Inspirerende gudstenester. Arbeidet med gudstenestene dei siste to åra har nok bore frukter. Dei svakaste områda er dei som omhandlar evangelisering og engasjert trusliv. Vi er flinke og pliktoppfyllande, men vi er ikkje så frimodige at vi vågar å be med andre så ofte. Og vi treng nok inspirasjon og hjelp til å finne glede i bøn livet. Vi treng å halde trua og motet oppe hos kvarandre!

4.2. Strategiar og mål. Kven er vi og kva vil vi?

I samband med stabs- og soknerådstur på Raknestunet i februar 2012, sette vi opp følgjande visjon, der vi ser Bjørgvin sin visjon og Meland sitt slagord saman ut frå sentrale bibelord:

Visjon for kyrkjelydsarbeidet		
Bjørvin Biskop sin visjonsformulering:	Aktuelle bibelord	Meland kyrkjelyd sitt slagord:
Saman vil vi	...Alle som var komne til tru, heldt saman.... (Sjå heile Apg 2,41-47)	Nær
ære Den treeinige Gud [ved å]	"Du skal elske Herren din Gud av heile ditt hjarta...." (Matt 22,37) ...Bere fram vårt lovprisningsoffer.. (Hebr. 13,15) ...Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast (sjå heile Hebr 10,19-25)	
forkynne Kristus	Gå ut og gjer alle folkeslag til læresveinar.... Døyp dei... Lær dei... (Matt 28,18-20 og parallellar)	Gud
byggje kyrkjelydar	Ef 2,20ff –Bygge på apostlanes og profetanes grunnvoll, med Jesus som hjørnestein "...utruste dei heillage til teneste så Kristi kropp byggast opp (Ef 4,12)	Nær
fremje rettferd	Elska og verdifull: For så elska Gud verda (deg!).... (Joh 3,16) Du gjorde han (deg) lite ringare enn Gud (Salme 8) Skapt i Guds bilete (1. Mos 1,26) Skapt til å elske og tene "Du skal elska nesten din som deg sjølv". "Gå du og gjer like eins" (som Den barmhjertige Samaritanen) (Luk 10,27.37) Kalla til å forvalte 1. Mos 2,15; "...dyrke og passe hagen.." Matt 25,14ff Likninga om talentane	menneske

Denne visjonen har vi nedfelt i ein **tiltaksplan**, som vi har arbeidd med både i strategiutval, stab og sokneråd. Den er pr. mars 2013 ikkje offisielt vedteken, og har stadig vore under utvikling, men har likevel vore med å hjelpe oss til å ta strategiske val for kyrkjelydsarbeidet. Her er planene frå kyrkjelege organ integrerte i ein heilskapeleg plan. Ut frå denne kjem vi til å velje nokre punkt som blir særskilte satsingsområde i tida framover. Desse kortsiktige strategiane vil soknerådet snart vedta. Her ser de korleis tiltaksplanen ser ut i mars 2013:

(Forkortingarne til høgre syner til kyrkjeleg satsingsområde.

TrO=Trusopplæring; GRef=Gudstenestereforma; Diak=Diakoniplan)

- Viktige satsingsområde		Målsetting for området	Kyrkjeleg satsingsområde
1. Trusliv a. Heimen som trusarena b. Trusopplæring for born/unge 0-18 c) Trusopplæring for vaksne d) Hjelp til fornying i bøn / trusliv i tråd med ulike behov	N Æ R G U D	Hjelpe til andaktsliv åleine og saman Hjelpe foreldre til andakt/kveldsbønn med barna. Unge: Nokre breiddetiltak, som særleg styrker heimen som trusarena, og rekrutterer til: Langsgåande trusopplæringstiltak: Ha undervisning i kristen tru og for vaksne Forkynning / undervisning om bøn /»fromhetsliv» / andeleg fornying	TrO; GRef <hr/> <hr/> <hr/> <hr/>
2. Gudstenesta:		Legge til rette for inspirerende gudstenester, til Guds ære, gjennom involvering, stadeigengjering og fleksibilitet. Finne uttrykk som nøkkelgenerasjonen er fortruleg med. Ha fullverdig tilbod for barn i /under gudstenesta. (Sjå og 4. om rammer omkring g.t.)	GRef ; TrO;
3. Diakonale og kontaktskapande tiltak	- N Æ R	Syte for gode rammer omkring gudstenester, slik at folk kjenner seg velkomne og vert sett. Skipe tiltak for ulike grupper med trong for å samlast (T.d. på ”Møteplassen”), for å ”sjå” folk, og knyte kontaktar. Hjelpe familiar til godt samliv, og gi hjelp til barneoppdragelse Etablere tilbod om sjelesorg/rettleiing	Diak; (GRef)
4. Evangeliserande tiltak f.eks. Alpha	Æ R	Skipe arrangement/tiltak for å gjere folk kjent med Gud/den kristne trua Forkynne evangeliet klårt når det er høve (t.d. gudstenester med mange dåp), på ein måte som kommuniserer godt.	(GRef)
5. Husgrupper:	M	Stimulere til at husgruppene blir livsnære, og at dei blir ein plass for åndeleg modning/trusstyrking. Middel: Leiartrening Stimulere til at det blir grupper med litt ulikt fokus, og oppfordre nye til å bli med.	Diak
6. Leiartrening/undervisning:	E N	Skipe kurs/inspirasjonsdagar for ulike tenester Støtte at medarbeidarar får støtte til kurs Samle medarbeidarar til leiarsamlingar for å gje støtte og opplæring	(TrO; GRef; Diak)
7. Teneste: -Tilbeding/ bønn, givarteneste -Teneste i samsvar med sine gåver: - i gudsteneste, - i trusopplæring, - i misjon, diakoni og anna kyrkjelydsarbeid, - i samfunnet osv. (Jf. Luthersk kallsettikk)	N E S K E	Forkynne til/om teneste Lage gode strukturar og arbeidsinstruksar Skilje mellom ”må”, ”bør” og ”kan” – oppgåver. Fremje nådegavebasert teneste. ”Kan”-oppgåver må av og til leggjast ned om ein ikkje har medarbeidarar med gåver til dei. Ca. kvart 4 år: Nådegåvekurs/grundig undervisning. Neste gong: våren 2014?	GRef TrO Diak
8. Rammer for arbeidet økonomi, kyrkjelydslokale/-hus/kyrkje -personalarbeid		- Arbeide for å få kyrkje/kyrkjelydshus - Styrke gjevartenesta	

5. Råd og tilsette

5.1. Sokneråd

Meland sokneråd har berre eitt sokn og soknerådet fungerer difor og som fellesråd. Det har ti valde medlemer. Soknepresten er geistleg representant, med undervisningspresten som vara. Kommunen har ein representant i soknerådet ved handsaming av fellesrådssakene. Det har dei seinaste åra vore ordføraren. Kyrkjeverja møter fast på soknerådsmøta, og førebur sakene i lag med eit arbeidsutval (AU). Soknerådsleiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjeverja utgjer AU. Soknerådet har ca. 10 møte i året, og handsama i 2012 62 fellesrådssaker og 75 soknerådssaker.

Soknerådet har desse faste underutvala:

Administrasjonsutval/forhandlingsutval

Arbeidsutval

Strategiutval, som no er AU + tre medlemer oppnemnte av soknerådet

Barne- og ungdomsutval

Misjonsutval

Soknerådet har i tillegg desse nemdene:

Husstyre for Møteplassen

Kyrkjebyggingskomite

Redaksjonsnemd for kyrkjebladet «Kontakt»

I samarbeid med Raude Krossen, Biblioteket og Frivillighetssentralen: Leiargruppe for besøksteneste

I tillegg kjem tidsavgrensa utval og komitear for arrangement, utredningar m.v. Den tidsavgrensa gudstenestekomiteen, som la fram innstillinga om lokal grunnordning, er no erstatta av leiarane for gudstenestelaga, som arbeider med gudstenestene i det daglege i lag med dei tilsette.

5.2. Tilsette

Sokneprest

Sverre Langeland slutta som sokneprest januar 2009. Ingvard Hageberg var vikar våren 2009. Torbjørn Aamli tok til som sokneprest frå 1. juni 2009.

Kyrkjelydsprest/Undervisningsprest.

I samband med planlagd oppretting av Meland som eige prestegjeld, blei – i tråd med Lønning si tilråding – kateketstillinga gjort om til kyrkjelydspreststilling. Første i stillinga frå 1991 var Rune Minde, som slutta i stillinga i mars 2005. Anders Magne Tolås Wendel fulgde etter i august 2005 og slutta i januar 2009. Stillinga blei då kalla undervisningsprest / kyrkjelydsprest, og Steinar Sneås Skauge tok til i stillinga 1. juni 2009. Undervisningspresten har no hovudansvar for arbeidet med trusopplæring og konfirmantarbeid, og sjølv om det og er ungdomsarbeidar og det siste året ein liten prosentstilling som barnearbeidar, er dette hovudansvaret hans. Han har i tillegg gudsteneste regelmessig, ikkje berre dei som er relaterte til trusopplæringa, for å få gjennomført dei om lag 90 gudstenestene vi har totalt. Han har ikkje andre kyrkjelege tenester, utanom at han er vikar for soknepresten i hans 5 ferieveker. Det har bispedømet betalt 50.000,- for dei siste åra.

Kyrkjeverje

Nina Brakstad var tilsett som kyrkjeverje frå 01.08.96, og hadde 100 % stilling. Brakstad slutta i stillinga i desember 2008.

Torgeir Paulsen tok til i stillinga i februar 2009, og slutta i januar 2012.

Anne Sofie Nergård Uthaug tok over først som konstituert kyrkjeverje, og deretter som fast tilsett.

Organist

Arvid Sakseide, som var tilsett frå 28.02.77, fekk utvida stillinga litt om litt til 80%. Han gjekk av i august 2010.

Ny organist blei Trond Fykse, som tok til i september 2010. Stillinga vart utvida til 100 % frå juni 2012, og denne auken finansierer kyrkjelyden sjølv (utan auke i kommunalt tilskot)

Kateket/klokkar

Anne Hilde Garnes Reigstad var tilsett i 50% stilling frå 01.08.91, løna av kyrkjelyden, og slutta i august 2003. Stillinga vart då erstatta av andre typar stillingar. Klokkartenesta blir no utført på dugnad av gudstenestelag, og midlane går då til kontoradministrasjon (konsulentstilling/sekretær).

Ungdomsarbeidar

Frå august 2004 til 2008 samarbeidde kyrkjelyden med Frekhaug indremisjon om denne stillinga. Jon Ingar Kjenen var tilsett i august 2004 og held fram som ungdomsarbeidar til mars 2008. Deretter var han i ein kort periode prosjektmedarbeidar i trusopplæringsprosjektet.

Ruben Sæle var vikar som 50% ungdomsarbeidar frå juni, fast tilsett frå oktober 2009 og fekk 80% stilling frå juli 2009, då han fekk fleire oppgåver i trusopplæringsarbeidet.

Kyrkjjetenar

Berit Stokke var tilsett som kyrkjjetenar til februar 2006. Då overtok Roy Rognsøy stillinga. Han var tilsett fram til februar 2012. Junji Furukawa var frå 2009 kyrkjjetenarvikar i periodar fram til han vart fast tilsett mai 2012. Kyrkjjetenarstillinga er på 50%.

Kyrkjelydskoordinator/konsulent/sekretær

I perioden 2004–2012 hadde kyrkjelyden koordinatorstillinga som hadde ansvar for oppfølging av frivillige medarbeidarar og sakshandsaming for soknerådet i det kyrkjelydsbyggande arbeidet. I samband med skifte i stillingar i 2012 vart det gjort endringar i stillingsstrukturen og oppgåvene til koordinatoren vart fordelt på andre stillingar. Det vart oppretta ei stilling som konsulent/sekretær, med meir vekt på merkantile oppgåver i tillegg til å vere frivillige sin kontaktperson i staben. Linda Gripsgård Lunga tok til i stillinga august 2012.

Barnearbeidar

Eva Kristin Dale Wessman er frå september 2012 tilsett som barnearbeidar i 20%, løna av gjevarteneste. Hovudansvaret er å leie søndagsskularbeidet.

Eittåringsteneste, praksisplassar og VOKT-arbeidarar/sivilarbeidar har vore tilsett i kyrkjelyden i periodar, og vore til god hjelp og inspirasjon i arbeidet. Vi har ikkje slik teneste dette året.

5.3. Stabsmøte

Dei tilsette har stabsmøte på Møteplassen kvar tysdag kl. 09.00, som tek til med andaktsstund og bøn i kapellet ved Møteplassen. Andakten er open for andre i kyrkjelyden. Kyrkjjetenar og barnearbeidar møter om lag 1-2 gonger i månaden.

5.4. Kontortilhøve

Kyrkjekontoret ligg plassert i Meland rådhus, i 2. etasje. Det er store og gode kontor, som fungerer godt for heile staben. Plasseringa er mindre tilgjengeleg enn dei gamle lokala som var i 1. høgda. I tillegg gjer det nye sikringssystemet der ein må oppgje namn og kven ein vil vitje, at det er noko høgare terskel, og færre spontane besøk, særleg for to grupper: Medarbeidarar som kom for å gje ei melding eller hente noko, og som gjerne ville slå av ein prat; og personar som trong å snakke med nokon, men som ikkje har mot til å oppgje namn eller gjere ein avtale på førehand. Som eit unnatak kan ein person og be anonymt om ein samtale med presten, mot at presten møter personen i resepsjonen. Det er avklara med departementet at sikringssystemet ikkje er i strid med lovar og regler, men situasjonen er ikkje ideell for eit prestekontor. Vi burde – som NAV og Helsestasjon – vore utanfor sikringssystemet.

6. Kyrkjeleg arbeid

6.1. Gudstenester

I 2012 har det vore 69 gudstenester på sun- og heilagdagane, noko som gir eit snitt på 120 per gudsteneste. Det var 17 gudstenester utanom sun- og heilagdagane, med eit snitt på 160. (Skulegudstenester mm.) 72 av gudstenestene var i soknet si kyrkje, 4 på institusjon, 10 på annan stad: 1 på Håøy, 2 på Rossland bedehus, 1 på Husebø, 1 på Nhl. Folkehøgskule og 5 i Meland rådhus. Det totale talet på gudstenester var 86. Det var 10.982 gudstenestedeltakingar totalt. 46 gudstenester hadde nattverd, og det var i snitt 59 til nattverd på kvar av desse.

År	Tal på gudst. Sundag og Heilag dagar	Frammøtte gudst. Sundag og -H.D.	Snitt fram-møtte S – H.D.	Totalt tal gudst. I Meland	Samla tal fram-møtte Alle gudst.	Gj.sn. Oppmøte Alle gudst.	Tal til Nattv. totalt	Tal på g.t. m Nv.	Snitt Nv delt. Pr Nv.Gt
2005	68	9941	146	115	14397	125	5168	62	83
2006	66	8851	134	95	12212	128	4882	61	80
2007	62	7969	128	98	12743	130	4569	53	86
2008	63	8416	134	92	12543	136	3921	54	73
2009	58	7002	121	90	11596	129	3967	51	78
2010	65	7578	117	98	10748	110	3237	50	67
2011	68	8098	119	89	10418	117	2560	41	62
2012	69	8264	120	86	10982	128	2697	46	58

Tabellen syner utviklinga i gudsteneste- og nattverddeltaking i Meland dei siste 8 åra.

Oppmøtet har vore stabilt dei siste 3-4 åra, men var høgare før dei nye forsamlingane blei skipa. Det er og reduksjon i tal på barnekor, ikkje noko ungdomskor, og to vaksenkor (Strilagospel og Kantoriet) mindre. Ringverknadene av at kora var med i gudstenestene, trur eg var gode då. Slekt og vener, i tillegg til kora sjølve, sette spor etter seg i statistikkane. Dei nye kora (sjå seinare om desse) er mindre, og har medlemmer frå fleire forsamlingar/kyrkjelydar.

Eit anna perspektiv på tala er jo at folketalet har auka desse åra. Norkirken og FIM har teke mot nokon, men her er utfordringar nok. Det kan kanskje vere ekstra krevjande å få nyinnflytta Melandbuarar til å finne vegen opp til Meland.

Ein annan trend er eit inntrykk eg (soknepresten) har av at mange faste kyrkjegjengarar går noko sjeldnare enn før. Kan vi gjere noko med det?

Ein typisk nattverd gudsteneste

Om vi ser på gudstenester med nattverd, utan dåp over mange år, er det merkverdig stabilt oppmøte på om lag 100 personar, på tross av nye forsamlingar – og folketalsauken. Men vi ser tydeleg at talet på nattverddeltakarar er lågare no enn før FIM tok til med møte sundag formiddag i 2009.

Husebø og Rossland

Det har tidlegare vore 6 årlege gudstenester på Husebø bedehus, redusert til 2. dagane for nokre år sidan. Oppmøtet har vore 15-20 til vanleg. Tilbodet kom i gang etter at busstilbodet fall bort. Det har ikkje vore nokon lokal medverkning, og etter drøfting på sokneråd og i årsmøtet, fann vi ut at vi ville leggje ned dette tilbodet. Dei fleste i området disponerer bil, og det er og mogeleg å tinge kyrkjeskys i løpet av veka om nokon har trong for det.

Vi freista i skuleåret 2011-2012 å halde gudstenester i Rossland bedehus som eit alternativ for Rossland skulekrins, med folk frå Rossland i eit gudstenestelag. Etter 4 gudstenester viste det seg at den lokale medverkinga ikkje var sterk nok førebels, og at vi vil sjå om det er grunnlag for ei meir berekraftig lokal medverking før vi tek dette opp att. Det er heller ikkje noko «folkekrav» i desse bygdene etter ei lokal

gudsteneste, så dette må byggjast opp gradvis.

Andre aktuelle satsingsområde?

Det same kan vi seie om gudstenestetilbod for andre område. Vestbygd skulekrins og Grasdal skulekrins er område med mange menneske, og folketalet særleg i Grasdal-krinsen vil framleis auke. Men reiseavstandane til Frekhaug og Meland er korte, om lag 10 minuttar kjøring. Lokalt initiativ og medverking vil vere avgjerande for om ein skal gje gudstenestetilbod i framtida.

Gudstenester på Frekhaug

Etter at Norkirken i Nordhordland blei skipa i januar 2004, blei det ein avtale mellom Meland sokneråd og Frekhaug indremisjon som enda i ein avtale om gudstenestesamarbeid på Frekhaug bedehus ein søndag kvar månad. Gudstenestene hadde ein litt friare stil med omsyn til liturgi og musikkval, og ein nytta forsongarar og eit lite band. Sjølv om dette var eit samarbeid, og det i starten var eit breitt engasjement, blei det etter ei tid meir organisert og leia av presten. Etter at Frekhaug Indremisjon danna eigen forsamling, med gudsteneste på sundagar, fann vi ut at det ville vere betre å prøve eit alternativt gudstenestelokale. Dette hadde og samband med ønskje frå einskilde i MK om å finne alternative møtelokale, ønskje om å legge grunnlag for kyrkjelydsbygging på Frekhaug, med arbeid for ny kyrkje, og om å finne ein form for gudsteneste som lettare kan nå kyrkjevande og tilflyttarar.

Lokalet som ble vald, var den nye kantina i Meland Rådhus, som kommunen stiller til disposisjon for kyrkjelyden. Vi har der prøvd ut ein ny liturgi, og eit nytt klokkeslett (17.00), og etterfølgande kafé. Det positive har vore at dei som har kome har vore nøgde med gudstenestene, både musikalsk og elles. Nokre nye andlet har vi og sett. Det negative har vore at det har vore så arbeidskrevjande. Det er mye arbeid med rigging og logistikk. Difor har talet blitt redusert til 2-3 gongar i halvåret.

Vi må og sjå i augo at oppmøtet er om lag 25% lågare enn då vi møttest på bedehuset. Det er uklart om det skuldast mangel på regularitet, klokkeslettet eller andre faktorar. Dei som er vande med å gå på bedehuset finn vel lettare vegen dit på gudsteneste og.

Ungdomsgudstenester - Møtepunkt

Vi har i fleire år hatt ungdomsgudsteneste/ungdomsmøte med nattverd 3-4 gongar i halvåret, kalla Møtepunkt. Det har vore nytta både fredags- og sundags kveldar. Oppslutninga har gradvis gått ned, og tilbodet blei lagt ned etter våren 2012, med unnatak for 2. juledag.

Temagudstenester

Meland kyrkjelyd har arbeid med liturgisk fornying i minst 10 år, i dialog med biskopen. I tillegg til gudstenestene på Frekhaug, har det blitt arrangert temagudstenester ein gong i månaden, med litt meir «moderne» lovsong, alternativ i forbøna og i Kyrie- og Glorialedet. Det siste året har vi slutta med å kalle ei gudsteneste for temagudsteneste, men opnar opp for at vi i einskilde gudstenester kan fordjupe oss i eit aktuelt tema og planleggje i tråd med det.

Liturgisk fornying

Liturgireforma talar om stadeigengjering, deltaking og fleksibilitet som viktige verdiar. Dette har vi arbeidd med lenge. Sidan hausten 2010 har vi hatt ulike gudstenestelag, som saman med prest og organist planlegg og gjennomfører gudstenesta. Vi var difor godt i gang då vi med folk frå desse laga, stab og sokneråd laga ei gudstenesteneemd som la fram for soknerådet si tilråding om lokal grunnordning. Grunnordninga har blitt handsama i soknemøte og sokneråd, og er sendt til godkjenning.

Lokal gudstenesteplan

Det finst ikkje nokon godkjend gudstenesteplan for Meland sokn. Per Lønning meinte då Meland prestegjeld blei skipa i 1992 at det burde vere 120, ut frå at det var to prestar (inkludert den kommunalt tilsette kyrkjelydspresten). Det har aldri vore så mange. I høringa om gudstenesteplan vedteke av soknerådet 08.09.10, gjekk SR inn for at talet på forordna gudstenester i Meland sokn skal vere 90 pr. år, men at ein må ta høgde for å auke dette etter som det er trong for det. Men både mangel på eigna gudstenestestad på

Frekhaug, og manglande presteressursar gjer det vanskeleg å gjennomføre dette talet no.

6.2. Kyrkjelege handlingar

Dåp

Det er svært mange dåp i Meland. 88 born blei døypte i Meland i 2012. Mange vart fordelte på gudstenester utan særskild dåpsfokus, med 2-3 dåp. Nokre gudstenester hadde sterkt dåpsfokus og opp til 6 dåp. 2 var reine dåpsgudstenester. I rundt eit år har vi gjennomført dåpsmøte for dei aller fleste dåpsforeldra i staden for individuelle dåpssamtalar. Vi opplever at dette frigjer tid for prestane til anna arbeid, samt at dåpsforeldra får betre undervisning om kva dåpen er. Begge prestane er som regel med på desse møta. På møtet vert det mellom anna informert om arbeid kyrkjelyden driv for å føre dei døypte vidare inn i trua, men det vil variere i kor stor grad dette tilbodet vert nytta.

Konfirmasjon

Konfirmasjonsprosenten i Meland er jamnt høg, og kvart år døyper vi også ungdomar som vil konfirmerast sjølv om dei ikkje har vore døypte før. Konfirmasjonstida går frå desember til september, og for dei fleste konfirmantane er tyngdepunktet ein undervisningsleir vi har i august. Det er og tilbod om gruppeundervisning for dei som ønskjer det. Konfirmasjonsarbeidet vert drive av undervisningsprest og ungdomsarbeidar, og med seg i arbeidet har dei mange frivillige ungdomar. Det vert i skrivande stund arbeid med ny konfirmasjonsplan, og den vil mest sansynleg bli vedtatt i soknerådet i tida rundt visitasen. 92 blei konfirmerte hausten 2012. Men i 2013 har vi eit lågare tal enn på mange år: 58. Det skuldast dels eit lite årskull, og dels at fleire vel ungdomsfest utan førebuing, nokre vel human-etisk konfirmasjon, og ein del vel det frikyrkjelege opplegget. Dei fleste knytta til Norkirken vel dette.

Vigsel

15 vart ektevidde i Meland kyrkje i 2012.

Gravferd

43 vart gravlagde/bisatt frå Meland kyrkje i 2012. Då er ikkje frikyrkjelege gravferder rekna med. Vi leiger ut kyrkja til kristne trussamfunn om dei ønskjer det. Talet på eldre vil auke om nokre år, og kommunen held på å byggje ut sjukeheimen. Vi kan og rekne med at talet på gravferder vil auke, jamfør tabellen i sluttnotene som syner alderssamansettinga i kommunen.

Fram til 01.05.12 hadde soknepresten teneste kvar veke, men frå denne datoen har andre prestar i prostiet teke gravferdene annakvar veke. Det er ei avlasting.

6.3. Trusopplæring.

Breiddetiltak

I samband med trusopplæringsreforma fekk Meland kyrkjelyd prosjektmidlar til eit prosjekt for aldersgruppa 10-14 år, og saman med Indremisjonen starta vi prosjektet Buss og Media. Det vart arrangert fleire enkeltstående arrangement i dette prosjektet. Desse arrangementa var gjennomgang av bibelforteljingane om Josef, Noas ark, Israelsfolket som gjekk gjennom Raudehavet, Jesu dåp, Jesus som stiller stormen og påska, der deltakarane fekk vere aktive medspelarar i forteljinga på ulike måtar. Dei siste av desse samlingane vart arrangert i juni 2010. Det var gode samlingar, med delvis godt oppmøte. Men på grunn av store utgifter, og lite forankring i kyrkjelyden selde Meland kyrkjelyd sin del av Buss og Media A/S. Vi så at det ikkje ville vere mogleg å føre vidare denne arbeidsmåten for heile arbeidsgruppa 0-18 år. Sidan 2010 har vi ikkje lukkast med å arrangere slike samlingar.

Utanom dåpsmøte for dei som skal ha dåp, har vi utdeling av 4-årsbok, og mellom 50 og 60% av dei døypte i kullet får kvart år bok. Vi inviterer også femåringane til ein årleg «barnefestkonsert». Oppmøtet her har vore varierende, alt etter kven som har vore artisten. Når vi har brukt dei lokale artistane i Team Sulebakk, har rundt 30% av kullet kome og vore med på konserten og fått materiell til bruk i heimen, medan når Jarle Waldemar var her i 2012, kom 13% av dei døypte.

Kyrkjelyden har arrangert Lys Vaken og Tårnagenthelg alle år desse tiltaka har eksistert, bortsett frå i år, då vi ikkje har fått plass til Tårnagenthelga på kalenderen. Oppmøtet på desse arrangementa har vore varierende, frå 11 på sist Tårnagenthelg til rundt 40 på Lys Vaken. I gjennomføringa av desse arrangementa

viser det seg å vere eit problem at slike sentralt initierte arrangement har lite eigarskap i kyrkjelyden, og det er dermed vanskeleg å få med frivillige.

Langsgående barnearbeid.

Kyrkjelyden driv søndagsskulen Løvegjengen som samlast dei fleste søndagane i året. Løvegjengen er eit satsingsområde for kyrkjelyden, og vi opplever å ha ei god og levande søndagsskule, trass i at vi må jobbe hardt for å få nok leiarar. Dei siste året har medlemstalet vore 11 betalande born, men sidan vi ofte har (minst) 2 dåp, er dette eit godt tilbod for mange fleire, sidan vi går ut til søndagsskulen etter dåpen.

Barnearbeidaren var tilsett for å styrke arbeidet.

Kyrkjelyden er og med i samarbeidet om Yngres. Dette er ein klubb på bedehuset for born i 5.-8. klasse, som soknerådet driv saman med Norkirken og Indremisjonen. Yngres har samlingar på fredagane, ein samling for dei yngste, og ein for dei eldste. Yngres har godt oppmøte, med eit gjennom snitt på 35-40 på kvar samling. I tillegg er barnekoret Levande Lys, som øver på Frekhaug bedehus på mange måtar eit samarbeidsprosjekt, jamvel om det formelt høyrer til Frekhaug Indremisjon.

Søndagsskuletilbod utanom gudstenesta finst på Frekhaug bedehus, i regi av Frekhaug

Indremisjon/Søndagsskuleforbundet, og i Norkirken. Pinsekyrkjelyden har og tilbod om søndagsskule i sitt forsamlingslokale på Moldekleiv. Nokre barn frå kyrkjelyden går også på desse stadene.

Det har nyleg blitt starta opp att med småbarnstreff på Møteplassen. Dette ligg nok i grenselandet mellom diakoni og trusopplæring, sidan det er lite forkynning her, utanom nokre barnesongar.

Langsgående ungdomsarbeid

Kyrkjelyden dreiv i fleire år bibelgrupper for ungdom, VOLUM-grupper. Desse gruppene opplevde etterkvart sterk nedgang, og i 2011 vart konseptet endra og fekk namnet SIT-grupper. Vi har i skrivande stund ei SIT-gruppe. Det vert drive leiartrening for ungdom, knytt til konfirmantarbeidet. Dei som er med som leiarar i konfirmantarbeidet er også parallelt med på leiartrening med ungdomsarbeidaren.

6.4. Anna kyrkjeleg undervisning og forkynning

Det har vore halde kurs for gudstenestemedaridarar og forbedarar ved nokre høve.

Dei siste to åra har det vore bibeltimar på møteplassen der dyktige lærarar har gått igjennom ulike skrifter i bibelen. Det har vore om lag 12-15 frammøtte på bibeltimane.

Hausten 2012 arrangerte kyrkjelyden Alpha-kurs, noko som dei og gjorde fleire gonger for nokre år sidan. Om lag 20 var med på kurset.

Det er og forkynning og undervisning i Norkirken, Frekhaug Indremisjon og nokre av dei andre bedehusa. På Møteplassen har det vore enkle samlingar med kveldsbøn og morgonbøn ein gong i veka. På grunn av liten oppslutning om morgonbøna, har denne blitt samordna med staben sin andakt før stabsmøtet no. Ved nokre av kveldsbønene er det og nattverd. Det kjem i regelen ganske få på desse samlingane, i regelen ikkje fleire enn at ein kan telje dei på ei hand.

6.5. Diakoni

Den store diakonale satsinga i Meland kyrkjelyd siste året, er arbeidet på Møteplassen. Kyrkjelyden driv der eit lågterskeltilbod for unge, kalla **Møteplassen Ungdom**. Der er det ope kvar tysdag etter skuletid, og etter ein dårleg startperiode er det no jamt godt oppmøte med rundt 20 ungdommar kvar gong. Dette høyrer nok inn i kategorien «ungdomsdiakoni», sidan det ikkje er forkynning på desse samlingane. Ungdomsarbeidaren er hovudansvarleg for tiltaket. Målsettinga er å gje ungdomsskuleelevar ein møteplass, der gode relasjonar kan bli utvikla – i staden for at dei skal dra til butikksentra og «henge».

Open Møteplass er ein treffplass på dagtid frå 11-14 tre dagar i veka. Hovudmålgruppa her er «godt vaksne» folk som er heime på dagtid. Nokre spreke pensjonistar leier tiltaket. Her har ein henta inspirasjon frå sjømannskyrkja, og tilbyd kaffi og vaflar og ein god prat. Hovudmålsettinga her er og å vere ein møteplass og leggje til rette for fellesskap. Oppslutninga har variert frå nokre få til 18-20, og desse signaliserer at dette er verdifullt for dei.

I mange år har kyrkjelyden drive med **Roseprosjektet**: Å dele ut ei rose på burdsdagen til dei som fyller 80 år, og så kvart år frå dei fyller 85. Tidlegare fekk dei kvart år frå dei vart 80, men med auka folketal blir dette vanskeleg å få nok fok til å gå med desse rosene. Målsettinga er å vere med å spreie litt glede til eldre folk.

Tilbakemeldingane har vore gode. Det at prosjektet blir organisert av personar utanfor staben, gjer prosjektet berekraftig. Det er berre nokre utgifter til roser kvart år.

Tiltaket Seniors er eit samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon starta opp i 2011, etter inspirasjon frå Os («Eldrekoionia»). Dei samlast ca. ein gong i månaden til middag, foredrag og sosialt samkvem på Nordhordland Folkehøgskule. Tiltaket er populært og når vidt ut.

Husgruppearbeidet går jevnt bra. Vi har i 2012 9 husgrupper knytt til kyrkjelyden. Om lag 4 gongar i året har vi gruppeleiarssamlingar. Tidlegare har det vore utarbeidd gruppeopplegg av presten, gjerne knytt til undervisning på temagudstenester. Soknepresten har ikkje hatt kapasitet til dette det siste året, men har kome med forslag til ulike bøker eller tema som kunne nyttast i gruppene.

Andakten ved sjukeheimen («Nystova» og «Lerketunet») er eit samarbeid mellom Meland kyrkjelyd, Norkirken, Frekhaug Indremisjon og Pinsekyrkjelyden. Takka vere samarbeidet, er det andakt kvar veke. I tillegg har soknepresten andakt på dagsenteret på Frekhaug og Vikebø om lag ein gong i månaden.

6.5. Misjon og evangelisering

Misjon

Talet på foreiningar for ytremisjon i Meland har gått mykje ned i høve til dei 25 foreiningane for born og vaksne som var nemnt i visitasrapporten for 2000. Både NLM, NMS, Normisjon, Himalpartner og andre organisasjonar har framleis sine engasjerte medlemmer, men gjennomsnittsalderen i mange av foreiningane er høg. Jamt har det vore misjonærar utsendte frå kyrkjelyden. For tida er Åshild Bjørkum Furukawa, som har vore misjonær i Japan via NMS i omkring 40 år, ute på eit voluntøropplegg. Kyrkjelyden er og med å be for familien Rifsgård som er misjonærar i Indonesia gjennom NLM.

SMM og kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt

Kyrkjelyden har eit misjonsutval som hjelper oss til å sette fokus på misjon. Vi arrangerer misjonsgudsteneste i openberringstida. Fleire år har kyrkjelyden hatt misjonsavtale med NMS, og støtta misjonsprosjekt i Japan og Kamerun. Frå januar 2013 har vi valt to prosjekt i regi av Himalpartner.

Evangelisering

Alpha-kurset har vore nemnt i kapitlet om undervisning. Tiltaket «Fredagsåpent», med foredrag, song, intervju og måltidsfellesskap i kyrkja, har på eit vis vore ein stad for dei som ville nærma seg tru og kyrkje. Det har vore populært og har trekt mange frå heile Nordhordland, særleg når kjende talarar/innleiarar kom. Proglemet har vore å finne ein veg vidare – til grupper og gudstenesteliv. Men etter mange år trengte leiarane avløyning. Fredagsåpent blei lagt ned våren 2012, då ingen så seg i stand til å leie det vidare. Evangelisering er eit svakt punkt i kyrkjelyden, og vi må stadig leite etter måtar å nå vidare ut med den gode budskapen.

6.6. Musikk og kultur i kyrkja

Gudstenestene

Kyrkjesongen i Meland er god. Det er utstrakt bruk av forsongarar ved gudstenestene. Ein del gongar er det og soloinnslag. Kyrkjelyden har to kor som i tillegg til konsertverksemd tek del ved gudstenester. Utover dette er det deltaking av andre kor, grupper og band ved gudstenestene. Julafta er det tradisjon for at skulekorpsa er med, og fyrste juledag har hornmusikken Scala teke del i fleire tiår. Scala har også teke del ved den årlege utegudstenesta på Holmeknappen, og Kristi Himmelfartsdag har Leiknes Blåseorkester bidratt på Håøytoppen. Det er også tradisjon at barnekora "Levande lys" og "Strilongane" deltek ved gudstenest ein gong i halvåret.

Kor og band i kyrkjelyden

Kor kjem og blir borte. Ungdomskoret Calore vart avvikla omkring 2002-2003. Meland kantori var avvikla kort tid før Arvid Sakseide slutta som organist i Meland. Koret hadde høg gjennomsnittsalder. Barnekor ved Tveit bedehus og på Flatøy har og gått inn. Men nye kjem til:

Ungdomskantoret Octavia. Det har delteke ved fleire gudstenester. Soknerådet gjev tilskot til å løne dirigenten. Dei er i dag om lag 15 medlemmer, og har samarbeid med Bergen Domkirkes Jentekor og har felles dirigent; Eirin Beate Åserud-Løvlid. Octavia feirar dette året 10 års jubileum med blant anna konsert i kyrkja.

Koret Felix starta opp på nyåret 2011, og har blitt eit kor med høg kvalitet. Det har om lag 20 medlemmer, der dei fleste er «unge vaksne». Koret vert drive av kyrkjelydsmusikaren (Trond Fykse) i samarbeid med Nordhordland Folkehøgskule som har bidrege med dirigent (Jannicke Wisløff Åsebø) og øvingslokale. Dette samarbeidet mellom Meland Sokneråd og Nordhordland Folkehøgskule er vi svært takksame for og vonar skal halda fram lenge.

Fleire kor i kommunen har delteke ved familiegudstenester og julegudstenester, til dømes barnekora Strilongane, Levande Lys (Frekhaug Indremisjon) og Ulvis (ungdomslaget på Grasdal). Mange einskildpersonar, grupper, kor og korps tek gjennom året del i ulike samlingar i kyrkja. Songkoret "Vågen" tek stundom del ved gudstenester og konsertar i kyrkja. Pensjonistkoret syng ved "Eldres julegudsteneste".

Ved ein del gudstenester gjennom året vert det nytta **band**. Dette har vore nytta mest ved gudstenestene på rådhuset. Dette har hatt særleg apell til dei unge barnefamiliane. Bandet har i tillegg til forsongarar bestått av Jarle Bastesen (trommer), Lars Rune Aadland (Bass), Andreas Westermoen (saxofon) og Trond Fykse (piano).

Konsertar

Kyrkjelydsmusikar har i samarbeid med soknerådet ansvar for planlegging og gjennomføring av konsertar. Talet på konsertar gjennom året er om lag 6. I 2012 vart det til dømes arrangert konsertar med Felix, Octavia, Tradisjonell julekonsert med aktørar frå kulturlivet i kommunen, Jarle Waldemar med meir.

Liturgisk musikk:

Som følge av gudstenestereforma har vi det siste året prøvd ut ein del nye liturgiske melodiar. Det har vore semje om at vi bruker tid på å innføra dette. Målet er å innføre nye liturgiske melodiar gradvis slik at ikkje belastninga vert for stor for kyrkjelyden. For tida nyttar vi Kyrie av Andreas Utnem, Gloria frå Taize, Hallelujavers av Jacques Berthier og kyrkjelydssvar av Johan Varen Ugland, i tillegg til musikk frå den førre altarboka. På gudstenestene på Frekhaug har vi nytta musikk frå «Livsglede» (Ånestad – Soul Children).

Kyrkjelydsmusikaren har i 2012 hatt mykje samarbeid med frivillige, det gjeld forsongarar, solistar og band. Vi har mange dyktige musikarar og songarar i kyrkjelyden.

Kunstutstilling

Vi har ved eitt høve hatt ein kunstutstilling på Møteplassen, der Gunn Kristin og Nils Arne Lavik stilte ut bilete.

6.7. Gjevarteneste

Det har i mange år vore mange faste gjevarar, og heile eller delar av ulike stillingar har vore finansierte av gjevarteneste. Barnearbeidarstillinga ville vore umogeleg utan gjevarteneste. Dei siste åra har og lokalet Møteplassen dels blitt finansierte av gjevarteneste. Vi fekk inn 260.000,- i gjevarteneste i 2012, og har som mål å nå 300.000,- i tillegg kjem kyrkjeofringar.

7. Kommunekyrkja – tilhøvet til kommunen.

Det er eit godt tilhøve mellom kommunen og kyrkja. Siste ordførar har prioritert å sjølv møte som kommunen sin representant i fellerådssakene i soknerådet. Det er eit svært godt signal for soknerådet og det gjer informasjonsutvekslinga svært mykje enklare. Det er også velvilje til samarbeid på ulike område og med ulike avdelingar og personar. Kyrkja har ein avtale om tenesteyting med kommunen som fungerer godt.

Når det gjeld økonomien har kyrkja, trass stram økonomi i kommunen, kvart år fått dekka pris og lønsvekst. Utover det har tilskotet vore på same nivå i mange år. Det er difor på sin plass å spørje om ikkje folketalutviklinga også må føre til auke i det kommunale tilskotet til kyrkja, spesielt med tanke på auke i stillingar, men også med omsyn til drift av tenlege lokale nær der fleste parten av folket bur. På kort sikt har vi forståing for at det er vanskeleg, på lang sikt bør ikkje kyrkja vere for tolmodig.

8. Kyrkjebygg og gravplass

Meland kyrkje er den einaste kyrkja i Meland prestegjeld. Avstanden til kyrkja er stor for nokre i yttergrensene av kommunen, men hovudutfordringa er at ho ligg langt frå alle dei store utbyggingsområda. Både i visitasen i 1990 og 2000 var kyrkje nr. 2 eit tema, slik det og vil bli denne gongen.

8.1. Melandkyrkja

Meland kyrkje er ei trekyrkje frå 1866, og det er få år til 150-årsjubileet. Kyrkja er i bra stand utvendig, det har vore utført utbetring av tak og maling i løpet av dei siste åra. Innvendig i kyrkjerommet byrjar malinga frå 1993/94 å vise klare teikn på slitasje. Tilbygget frå 1973 er også prega av naturleg slitasje og det er trong for å sjå på inndelinga av romma, sidan nokre funksjonar har gått ut og andre har kome til, medan bygget er i hovudsak uendra. Dåpssakristiet vert delt med søndagsskulen som har gruppe for dei minste der. Dette er ikkje ei optimal løysing. Praksisen med kyrkjekaffi i kyrkjerommet krev også plass til tillaging, og løysinga vi har er ikkje så god. I sist visitas vart det nemnt eit arbeid for å få eit større tilbygg til kyrkja. Dette arbeidet vart lagt på is etter to søknadsrundar med avslag frå riksantikvaren/biskopen. Soknerådet meiner ein heller bør bruke tid og ressursar på å arbeide for ny kyrkje. Samtidig er vi nøydd til å leve med den kyrkja vi har enn så lenge, og trongen for å gjere interiøret meir tenleg både i kyrkjerommet og tilbygget er aukande.

8.2. Ny kyrkje på Frekhaug og mellombels løysingar

Soknerådet har valt å satse på å arbeide for ny kyrkje i sentrum av kommunen. Rådet har også kome med eit ønske om tomt, og dette tomtevalet er komen med på ein reguleringsplan for Frekhaug sentrum som kommunen vonleg får vedteke i mars 2013. Det har vore litt tungt å mobilisere krefter til å arbeide for kyrkja, så lenge det ikkje har vore ei avklaring på tomt. Når sentrumsplanen er vedteke, reknar vi med at neste steg er utkjøp av tomta. Samtidig er kyrkjenemnda i arbeid, både med å utgreie strategiar for å få eit tenleg bygg på Frekhaug så snart som mogleg, og moglege alternative løysingar for kyrkjelydsarbeidet i mellomtida.

I den samanheng har kyrkjelyden sidan hausten 2010 som eit forsøk leigd eit lite lokale i andre etasje på Rema 1000 bygget i sentrum. Her har det gått føre seg diverse diakonalt arbeid, samt bibeltimar, andre opne arrangement som småkonsertar, komitemøt, utleige til selskap, bønnesamlingar mm. Erfaringa har vore at det er svært verdifullt med eit lokale i sentrum. Men det er høg husleige og ikkje tilsvarande inntekter, så soknerådet vurderer om det fins andre løysingar.

8.3. Gravplassar.

Kyrkjegarden på Meland

Meland kyrkjegard ligg ved kyrkja. Kyrkjegarden vart utvida 2004, og nett no fyller vi kravet om 3% ledige graver i høve til folketalet. Det nye kyrkjegardsområdet ligg fint til på høgda over kyrkja, men det er noko bratt veg opp der, som kan vere tungt for personar i gravfølgjene. Det har utvikla seg ein praksis med å køyre bil inn på kyrkjegardsområdet utan at ein treng det, og dette vi vil prøve å motarbeide.

Det vart i 2011 bygd eit servicebygg for kyrkjegardsdrifta og den ligg nær den øvste delen av kyrkjegarden. Med tanke på folketalsutviklinga er vi merksam på det kan bli nødvendig med ny utviding om nokre år, og har varsla kommunen om dette. I første omgang er målet å få nytt kyrkjegardsområde med på den nye kommuneplanen.

Andre kyrkjegardar

Den gamle kyrkjegarden frå 1600-talet ligg i nærleiken av kyrkja. Nokre gravminne står att. Kyrkjegarden på Eikeland vart teken i bruk under 2.verds krigen då gravplassen på Herdla ikkje kunne brukast. Nordre del av Holsnøy hørde då til Herdla sokn. Ingen av desse gravplassane vert brukt til nye gravleggingar, men dei vert stelt ein gong i mellom.

Drifta av kyrkjegarden vert utført av kommunen sine tilsette og administrert av kyrkjevevja, og samarbeidet fungerer, sett frå vår side, svært godt. Kyrkjegarden på Meland er velstelt og er eit vakkert område.

9. Sluttord

Så har eg som sokneprest tre ønskje til slutt:

1. Eg ønskjer ei kyrkje der det er plass til alle i kyrkjebenkane og dei mange arbeidslaga. «No perfect people allowed» var slagordet eg fortalde om for ei tid tilbake. Vi er alle ufullkomne menneske som har det til felles at vi treng Guds nåde. Vi treng ikkje late som noko anna. Difor må vi vereause mot kvarandre!
2. Vi treng fornying, inspirasjon! Ver med å be om at Guds «varme og vennlige Vind» (Tore Thommasen sin omskriving av Guds Heilage Ande) skal blåse tru, von og kjærleik i oss. Gje oss mot og kjærleik til å vere gode vener og naboar, arbeidskolleger osv. – og be folk med til kyrkja.
3. Til slutt ønskjer eg at vi «snakkar opp» både kvarandre og dei ulike aktivitetane i gudstenesta. Visst skal vi og retta opp det som er gale. Men ver med å skape forventning og begeistring – så langt det står til deg. Det er ei viktig sak vi kjempar for: Eg kunne sitert misjonsbefalinga, men sluttar heller med ein strofe frå ein kjend barnesong: «Alle, alle vil vi ha med!»

Så er det mi von og bøn at visitasen blir til velsigning og inspirasjon. Ver med å be om det og!

10. Sluttnoter